



Arkivnr: 2014/22427-36

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		21.02.2017
Utval for miljø og samferdsel		21.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017
Fylkestinget		07.03.2017

**Punktutbetring og trygg skuleveg - 2016 og 2017****Samandrag**

Fylkesvegnettet i Hordaland har ein svært varierande standard. Sjølv om ein del av vegnettet er bra, så er det mykje som har låg, og dels därleg, standard. Mykje av dette er også skuleveg. Det er kostnads-krevjande å utbetre vegnettet, men med relativt lite midlar kan særlege punkt langs vegen takast. Slike mindre tiltak har svært mykje å sei for dei som ferdast langs vegen. For 2017 sette fylkestinget av 20 mill kr til *Punktutbetring og trygg skuleveg* i PS 91/2016 *Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020*. Det vert no lagt fram forslag om at desse midlane i sin heilskap skal gå til kommunane gjennom ei tilskotsordning. I saka vert det også lagt fram ei rapportering av midlane til *Punktutbetring og trygg skuleveg* i 2016, jf PS 95/2015 *Årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2019*.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 20 mill kr. i 2017. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 01.02.2017

### Bakgrunn

Fylkesvegnettet i Hordaland har ein svært varierande standard. Sjølv om ein del av vegnettet er bra, så er det mykje som har låg, og dels dårlig, standard. Mykje av dette er også skuleveg. Det er kostnads-krevjande å utbetre vegnettet, men med relativt lite midlar kan særlege punkt langs vegen takast. Slike mindre tiltak har svært mykje å sei for dei som ferdast langs vegen. For 2017 sette fylkestinget av 20 mill kr til *Punktutbetring og trygg skuleveg* i PS 91/2016 *Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020*. Det vert no lagt fram forslag om at desse midlane i sin heilskap skal gå til kommunane gjennom ei tilskotsordning. I saka vert det også lagt fram ei rapportering av midlane til *Punktutbetring og trygg skuleveg* i 2016, jf PS 95/2015 *Årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2019*. Desse midlane vart delt mellom Statens vegesen for utføring av tiltak, og kommunane gjennom ei tilskotsordning.

### Rapportering om bruk av midlane i 2016

Totalsummen på 31,3 mill kr vart todelt, - der størsteparten av midlane (21 mill kr) vart sett av til konkrete tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, medan ein tredjepart (10 mill kr) av midlane vart gjort søkbare for kommunane. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fekk ansvaret for denne tilskotsordninga.

For dei 21 mill kr som Statens vegvesen fekk ansvaret for er nær alle dei 28 tiltaka utført etter planen. Tiltaket ved Fv 303 Palmafossen er ikkje utført, medan på Fv 456 Storebø terminal er reguleringsplanen starta opp. Når det gjeld Feste kai så er dette prioritert i 2017-budsjettet.

Når det gjeld midlane (10 mill kr) som vart sett av til ei tilskotsordning, så er alle tiltaka gjennomført. Eit av tiltaka (Tresvik/Fonnes) vart overført til Statens vegvesen for utføring. Dette har samanheng med at tiltaket vart ein del av eit større arbeid som skulle gjerast i området. Dette arbeidet er starta opp.

FTU mottok 26 søknader frå totalt 17 kommunar innan fristen 1. april 2016. Den totale søknadssum var på 24 mill. kr. FTU tildelte tilskot til tolv tiltak, fordelt på tolv kommunar. Tilskotsmidlane vart utbetalte til den einskilde kommunen når rapporteringsskjema var motteke. FTU utbetalte alle midlane hausten 2017. Statens vegvesen har meldt til fylkeskommunen om at det har vore nokre utfordringar med nokre av tiltaka med omsyn til hjelp og oppfølging frå Statens vegvesen si side. Det har vore nokre avgrensingar i kor mykje ressursar kommunane sjølv sit på, og dette har verka inn på gjennomføringa av tiltaket. I nokre tilfelle må det også gjerast korrigeringar på tiltak som er utført.

	Kommune	Namn på tiltaket	Vedtak	Status
1	<b>ASKØY</b>	Storeklubben X Stongafjellet	600 000	Ferdig
2	<b>AUSTRHEIM</b>	Utbetring for mjuke trafikantar ved Tresvik- og Fonneskrysset	1 263 750	Overført til SVV
3	<b>BØMLO</b>	Tiltak a, b, c, og d på same fylkesveg - FV 23	250 000	Ferdig
4	<b>ETNE</b>	Punktutbetring FV 34 Ebne	350 000	Ferdig
5	<b>FUSA</b>	Utbetring swing på Tombre, FV 48	400 000	Ferdig
6	<b>KVAM</b>	Oppgradering av kryss og gangfelt langs Fv 7/Nedre Vik-vegen i Øystese	228 750	Ferdig
7	<b>KVINNHERAD</b>	Langgåta X Husnes Industriområde	1 700 000	Ferdig
8	<b>LINDÅS</b>	Punktutbetring langs skuleveg FV 402 Seim mot Feste	2 000 000	Ferdig
9	<b>RADØY</b>	Hordabø skule - idrettsbana – veglys	378 000	Ferdig
10	<b>VAKSDAL</b>	Punktutbetringer FV 343 til E16 til Norgesmøllene/Felleskjøpet	1 000 000	Ferdig
11	<b>VOSS</b>	Utbetring av busslomme ved Gjernes skule	1 296 792	Ferdig
12	<b>ØYGARDEN</b>	Flytting av busshaldeplass på FV 561 – Toftøy	600 000	Ferdig
<b>OPPSUMMERT</b>			<b>10 067 292</b>	

### Midlane i 2017 vert gjort søkbare for kommunane

I samband med budsjethandsaminga, jf sak PS 91/2016 *Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020* sette fylkestinget av 20 mill kr til punktutbetring og trygg skuleveg for 2017. Fylkesrådmannen legg med dette

fram sak om at midlane vert gjort søkbare for kommunane etter same leid som i 2016. Bakgrunnen for dette er at mange kommunar ofte har ønske om å få gjort mindre veggtiltak på fylkesvegnettet, men opplever at det tek tid å få desse prioritert på fylkesvegbudsjetten, jf det årlege Plan- og byggeprogrammet. Ofte kan dette også vere tiltak som er høgt prioritert i dei kommunale trafikksikringsplanane. Sett under eitt så har FTU jamt over gode erfaringar med å nytte midlane gjennom tilskotsordningar, - både gjennom den no fire år gamle tilskotsordninga «Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak» (2 mill. kr), og «Tilskotsordninga til punktutbetring og trygg skuleveg» (10 mill. kr) av 2016. Kommunane er aktive med å søkje, og har etter vedtaket i desember også etterspurt om dei 20 mill. kr vil verte nytta gjennom ei tilskotsordning.

Erfaringane frå denne ordninga viser at det er grunnlag for å invitere kommunane inn i slik arbeid. Det er gjerne på lokalt plan at ein best kjenner til utfordringar på vegnettet og utryggleikspunkt i samband med skuleveg. Gjennom å gjere midlane søkbare for kommunane, vil den lokale forankringa i tiltaka styrkast.

### Framdrift

For at tiltaka skal kunne gjennomførast i 2017, så er det naudsynt med ei raskt sakshandsaming. Dette inneber at utlysinga må skje like i etterkant av vedtaket i fylkestinget. Ved å gje FTU ansvaret for søkeradsordninga kan den politiske handsaminga av søkeradane finne stad på FTU sitt møte den 19. april. Ut frå dette må søkeradsfristen setjast til 1. april 2017. Kommunane er i brevs form orientert om at det er sett av 20 mill kr til punktutbetring og trygg skuleveg i 2017, - dette tilsvarar prosessen som vart gjort vinteren 2016.

### Tilskotsordninga sine kriteria

Intensjonen bak midlane er punktutbetring og trygg skuleveg, og dette var ein føresetnad ved tildeling av midlane. Det er kommunane sjølv som skal ha ansvaret for gjennomføringa av tiltaket, og det er difor viktig med ein god dialog mellom kommunen og Statens vegvesen. Vidare vert det opna for at kommunen sjølv kunne vere med å dekke delar av tiltaket. Dette må i så tilfelle opplystast om i søkeraden.

Krav til tiltaket:

- Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.
- Tiltaket bør ferdigstilla i løpet av 2017.
- Tiltaket må omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.
- Ferdig planlagte prosjekt vil verte prioritert.
- Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Dette må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.
- Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.
- Tilskotssummen kan vere på inntil 4 mill. kr.
- Tiltaka kan ha kommunal medfinansiering. Dette må i tilfellet opplystast om i søkeraden.

Dersom det er gode grunnar for det kan tiltaket vere toårig, det vil seie at det vert ferdigstilt i 2018. Midlane vert utbetalt ved ferdigstilling. Bakgrunnen for dette er at det kan verte krevjande å få gjennomført tiltaket innan 2017.

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

I 2016 vart det gjort ei todeling av midlane ved å etablere ei tilskotsordning, samt utføre tiltak gjennom Statens vegvesen. Det er særleg viktig å merke seg at alle kommunane utførte det dei søkte om innan årsslutt. Så må ein på same tid ta til etterretning at det i nokre høve har vore utfordringar med ressurssituasjonen i dei ulike kommunane. Fylkesrådmannen merkar seg også at tiltaka som Statens vegvesen fekk hand om i nær alle tilfelle er etablert. Oppsummert så er rapportane for 2016-midlane gode.

Når det gjeld 2017 så rår fylkesrådmannen til at heile summen vert lagt til ei tilskotsordning som FTU får ansvaret for. Dette inneber ei handsaming av søkeradane i FTU sitt møte den 19. april 2017. Erfaringane frå liknande FTU-tilskotsordning og tilsvarande ordning frå 2016 er gode, og kommunane viser stor interesse for å søkje.

Det vert lagt opp til å auke tilskotssummen frå 2 mill. kr. i 2016 til 4 mill. kr i 2017. Dette for å kunne få gjennomført større tiltak, med god kvalitet og nok ressursar. Når det gjeld opninga for å kunne la prosjektet verte toårig, så gjer fylkesrådmannen merksam på at dette er unnataket og ikkje hovudregelen.